

Etne, 6.12.2017

Hordaland Fylkeskommune  
PB. 7900  
5020 Bergen

**Endring av vedtekter for Stiftelsen Vestnorsk senter for bygdeutvikling (VSBU)**

Etter at eigedomen til VSBU, Etne Jordbrukskulegard, blei selt, må også vedtekten bli endra for å få dei tilpassa situasjonen etter salet. Som ein av opprettarane for stiftinga, sender me over dei nye vedtekten til uttale. Viser elles til vedlagt styreprotokoll og nye vedtekter.

Dersom Hordaland Fylkeskommune ynskjer å koma med ein uttale til dei nye vedtekten, så vil me be om ei tilbakemelding innan 31.12.2017.

Med vennleg helsing

Leif Grindheim  
Styreleiar  
Stiftelsen Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling  
Tel +47 952 44 637  
[leif@legria.no](mailto:leif@legria.no)

Vedlegg: Styreprotokoll 5.12.2017

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.*

## Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling

### Protokoll frå styremøte i VSBU 5.12.2017

#### Til stades:

Leif Grindheim  
Arne Håheim  
Haldor Gravelsæter  
Peder Helge Kvammen  
Kristoffer Tjelle

#### Forfall:

#### Saksliste:

1. Godkjenning av referat frå møte 23.10.2017.
  - Referatet vart godkjent.
2. Endring av vedtekten for VSBU.

Etter at eigedomen til VSBU, Etne Jordbrukskulegard, er selt, har Stiftelsestilsynet påpeikt at vedtekten må bli endra for å få dei tilpassa situasjonen etter salet. Styret må i tillegg til innhaldet av paragrafen om grunnkapital og vurdere føremålet slik det no er formulert.

Bakgrunnen for salet av garden og grunngjevinga for omdanninga, er ut ifrå §46 a) i Stiftseslova. Kapitalen i VSBU var innskrenka med ein eigenkapital på kr. 454.547,- i 2015 og det var nødvendig med sal for å kunne drive stiftinga vidare. Pengane som nå er komme inn etter salet vil bli brukt til å drive stiftinga vidare.

Saka vart drøfta i møtet 23.10.2017 og styret kom då fram til at føremålet kan stå som i dag, men at paragrafen om grunnkapitalen må bli endra. For ei næringsdrivande stifting er minimumskravet ein grunnkapital på kr 200.000,- og styret gjorde då vedtak om at vårt framlegg til vedtak til ny §4 var: Stiftelsen har ein grunnkapital på kr. 200.000,-.

Utkastet til nye vedtekter vart oversendt Stiftelsestilsynet, for å få deira råd om vedtektsendringane for VSBU før endeleg vedtak i styret. Tilsynet har meldt tilbake og gir følgjande råd:

Stiftelsestilsynet vil peike på at ei nedsettinga av grunnkapitalen (dekninga av tap) er problematisk, og kan ikkje pårekna. Stiftelsestilsynet legg til grunn at salet av stiftinga sin eigedom til 8.950.000.- (bokført verdi i 2016 kr 1.078.703) gjev ein bokført gevinst som meir enn restituerer eigenkapitalen. Stiftelsestilsynet vurderer det da slik at det vanskeleg kan seiast at grunnkapitalen må settast ned som følgje av tap.

## Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling

Oppsummert er det signalet frå Stiftelsestilsynet at ei endringa av paragraf 4 frå: "Stiftelsen har ein grunnkapital på kr 1.900.000.-. Grunnkapitalen består av fast eigedom med driftsmiddel til ein verdi til kr 1.300.000.- og kapital på kr 600.000.- " til: "Stiftelsen har ein grunnkapital på kr 200.000» ikkje kan pårekna imøtekome , men at ei endring til: "Stiftelsen har ein grunnkapital på kr 1.900.000.-" kan pårekna imøtekome.

Ut frå tidlegare drøfting i styret og etter rådet frå Stiftelsestilsynet, meiner styret at føremålsparagrafen blir ståande uendra og paragraf 4 blir endra i samsvar med tilbakemeldinga frå tilsynet.

Dei nye vedtekten blir sendt ut på høyring til Hordaland Fylkeskommune og Etne kommune, før oversending til Stiftelsestilsynet.

**Vedtak: §4 i vedtekten blir endra til "Stiftelsen har ein grunnkapital på kr 1.900.000.-"**

5.12.2017

Leif Grindheim

The image shows five handwritten signatures in blue ink. From top left to bottom right, the names are: Leif Grindheim, Jarle Gravseth, Knut Telle, Sider Åkemanen, and Inne Helheim. The signatures are cursive and vary in style.

REGISTRERT I STIFTELSESRÅDREGISTERET	
SAKSNR	09/01916
DOK.NR.	1430
01 - JAN 2009	
ORG.NR.	778 639682
BGU	

## VEDTEKTER

### FOR

#### VESTNORSK SENTER FOR BYGDEUTVIKLING

\* \* \*

- §1. **VESTNORSK SENTER FOR BYGDEUTVIKLING** er ein sjølveigande institusjon som er oppretta etter initiativ frå Etne Kommune og Hordaland Fylkeskommune. Initiativtakarane skal arbeida for at også andre offentlige institusjonar så som kommunar m.v. kan gå inn med kapital til stiftinga.
- §2. Føremålet for Vestnorsk Senter For Bygdeutvikling stiftninga er å arbeida aktivt og målretta for å auka verdiskapning i bygdesamfunnet, med grunnlag i menneskelege, kulturelle og naturgjevne ressursar.

Vestnorsk Senter For Bygdeutvikling skal utvikla samspel mellom primærnæringane og andre offentlege og private verksemder, og stimulera til forskning, forsøks- og utviklingsarbeid knytt til verdiskapning i lokalsamfunnet.

Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling kan aleine, eller saman med andre,驱ra produktutvikling, produksjon, marknadsføring og sal av varer og tenester og kan, gjennom gjensidig forpliktande avtalar, engasjera seg saman med andre i forskning, forsøks- og utviklingsarbeid med slike føremål.

- §3. Stiftelsen har sitt forretningskontor i Etne kommune.
- §4. Stiftelsen har ein grunnkapital på kr. 1.900.000,-. Grunnkapitalen består av fast eigedom med driftsmiddel til ein verdi til kr. 1.300.000,- og kapital på kr. 600.000,-.
- §5. Stiftelsen skal ha eit styre på 5 medlemmer med 3 varamedlemmer som alle blir valde av næringsstyret i Etne. Dersom andre offentlege institusjonar fører kapital inn i stiftelsen, kan næringsstyret i Etne gi samtykke til at desse vel minst ein av representantane i styret.

Styremedlemmene og varamedlemmene gjer teneste i 4 år. Kvart styremedlem og varamedlem blir ståande i sitt verv inntil eit eller varamedlem er vald sjølv om tenestetida er gått ut.

Når særlege grunnar ligg føre, har eit styre(vara) medlem rett til å gå ut av styret før tenestetida er gått ut.

Kwart styremedlem må vera myndig. Medlemmet må heller ikkje vera i konkurskarantene etter reglane i aksjelova.

- §6. Styret skal forvalta stiftelsen og det som vedkjem stiftelsen i samsvar med føremålet og vedtekten, lov om stiftelse og andre lover eller forskrifter som regulerer verksemda. Styret representerer stiftelsen og skriv under på vegne av stiftelsen (firma).
- §7. Styret skal føre møtebok. Møteboka skal innehalda dei vedtak som styret gjer. Tid og stad for møtene skal gå fram av møteboka. Det skal og framgå av møteboka usemje mellom styremedlemmene som er til stades i møte. Møteboka skal skrivast under av dei som er til stades.
- §8. Stiftelsen skal ha ein dagleg leiari som vert tilsett av styret. Leiaren kan og vera ein juridisk person. Leiaren skal stå for den daglege leiinga og skal følgja dei retningsliner og pålegg som styret gir. Han skal syta for at formuesforvaltinga er ordna på ein god måte.

Den daglege leiaren kan alltid representera stiftinga i forhold som ligg normalt til ein dagleg leiari.

- §9. Styret i stiftelsen har plikt til å sjå til at bokføring og formuesforvalting vert tilfredstillande kontrollert. Rekneskapen skal følgja kalenderåret og skal vera avslutta seinast 1. april i året etter rekneskapsåret.

Rekneskapslova av 13. mai 1977 nr. 35 skal gjelda.


Rettkjend avskrift av årsrekneskapet attestert av revisor skal innan 1 månad etter at årsrekneskapen er fastsett sendast inn til fylkesmannen. Dersom ikkje rekneskapen gir tilstrekkelege opplysningar skal styret vedleggja ei kort melding om verksemda i stiftelsen i årsrekneskapen. Dessutan skal eventuelle merknader frå revisor leggjast ved.

- §11. Godtgjering til styremedlem eller forretningsførar skal stå i rimeleg forhold til det arbeid som følgjer med vervet.

- §12. Stiftelsen skal ha statsautorisert eller registrert revisor. Styret gjer avtale med revisoren.
- §13. Revisoren skal attestere årsrekneskapen. Han skal vidare stadfesta at dei attesterte verdiar er til stades dersom dette ikkje går fram av debetoppgåve frå bank eller saldooppgåve for bankinnskudd.
- §14. Stiftelsen kan omdannast i samsvar med reglane i stiftelseslovens kap. 6. Vedtekten kan endrast tilsvarende.

På dei vilkår som er fastsett i stiftelseslova §§35 og 36 kan stiftaren sjølv endra reglane i vedtekten om grunnskapitalen i stiftinga, om val av styremedlemmer og tenestetida for styremedlemmene.

Riktig fotokopi  
bekreftes.

  
ADVOKATFIRMAET  
TALMO, KVAMME & LAUVÅS D.  
M.N.A.  
BOKS 548, 5501 HAUGESUND